

TIL NOKUT  
P.boks 11708 Vika  
0121 Oslo

Dykkar ref. 15/136-17

## **Klage på vedtak om avslag på søknad om godkjenning av fagskoletilbud i Psykisk helsearbeid og Rusarbeid.**

Viser til dykkar skriv av 15.09.2015 med vedtak om avslag på søknad vedkomande psykisk helsearbeid og rusarbeid . Etter ein gjennomgang av dykkar avslag med grunngjevingar, og av utkastet til sakkunnig rapport med vårt tilsvar, vel me å fremja klage på avslaget, basert på 3 tilhøve:

### **Pkt 1 Organisatoriske tilhøve:**

I mars 2013 vedtok skuleeigar Hordaland Fylkeskommune å omstrukturera fagskulane sine. Mellom anna fekk Fusa fagskule samla ansvar for helsefagskole tilboda. I 2013-14 var det dialog / møte hos NOKUT med repr. for fagskulestyret / fylket om dette, og vår oppfatning har vore at NOKUT var orienterte om organiseringa. Det overraska oss noko at NOKUT ikkje har oversyn / kjenner vår organisering. NOKUT har elles i sak februar 2015 godkjent eit studietilbud (14/530-16), der same informasjonen som ved denne aktuelle søknaden, låg til grunn. Me sender ved 2 nye, meir detaljerte kart/ oversyn og vonar dei stettar krava. (Vedl 1a og 1b her).

Etter vår vurdering er det ein formell feil når vurderinga av organisatoriske tilhøve varierer etter kven som er sakshandsamarar/ sakkunnige.

### **Pkt 2 Samla styrevedtekter:**

Avslaget byggjer på at søkjar ikkje hadde sendt inn samla reviderte styrevedtekter. Det vart IKKJE etterlyst i utkast til rapport, slik at ein fekk høve til å retta opp de feilen. (Tidlegare har digitalt søknadsskjema særleg bede om opplisting av ev. endringar i tidl vedtekne styrevedtekter.) Viser til vedlegg 2 her.

For oss er det formell feil når utkast til rapport *ikkje* omtalar ein mangel, men avslaget *vektlegg* den same.

### **Pkt 3 Definisjon av type utdanning:**

Ein viktig premiss for det administrative / sakkunnige avslaget er at NOKUT definerer vårt studieopplegg som *nettbasert*. Med dette som premiss, krev NOKUT annan type informasjon enn den me hadde levert, fordi me har hevda dette er *stadbasert med nettstøtte*.

Samla nettundervising utgjer om lag 36% av studiet, klasserom og praksis er til saman ca 63% av studiet. Me viser til side 9 i studieplanen, der timetalet i klasse/ praksis/nett er lista opp. NOKUT ber om betre innsikt i vår digitale kompetanse og opplæring av studentane. Viser her til vedlegga om dataopplæringa som ligg i oppstartsveka og til omtale av IT-støtta for Hordaland Fylkeskommune sine skular (inkl fagskulane).



At NOKUT baserer sine vedtak på definisjonar som *ikkje er kommuniserte* ut til søkjarar, vert vanskeleg for oss å forhalda seg til.

I 2013-2014 fekk me godkjent 3 utdanningar som *stadbasert med nettstøtte*; der har me brukt same formuleringane om stad / nett som i gjeldande sak.

1. Rehabilitering – vedtak 13.12.2012
2. Livsstils- og kroniske sjukdommar – vedtak 28.06.2013
3. Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta – vedtak 28.06.2013

Det er vanskeleg som søkjar å vita korleis ein skal levera gode søknader / tilsvar når definisjonen av utdanningsopplegget varierer etter kven som er sakshandsamarar/ sakkunnige. (Sjå også vedl 3 a)

På bakgrunn av det ovanstående, ber me om at de vurderer vedtaket om avslag på nytt.

Helsing

**Tor Johannes Hjertnes**

Administrativ leiar

**Mette Holmejord Olsen**

Avdelingsleiar 91717715

---

**6 vedlegg;** reviderte og nye dokument som prøver stetta NOKUT sine påpeikingar:

Vedlegg til pkt 1: 1a: Organisasjonskart

1b: Oversyn over skular / studiestader(jf DBH-base)

Vedlegg til pkt 2: 2: Styrevedtekter

Vedlegg til pkt 3: 3a: Om definisjon nettbasert / stadbasert

3b: Om digital opplæring om m.a. plattform og nettarbeid

3c: Om digital kompetanse hos personalet